



"Røysterett for alle" igjen på plass på heimebane – i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette var imponerende. Koret er faktisk mykje betre enn eg trudde. Felespelar i Kvinnherad Folkemusikklag, 86-åringen Kristian Bruåsdal frå Rosendal, gav "Røysterett for alle" slik attest under "Syng med oss"-arrangementet i Helgheim torsdag kveld.

Kristian har vore korsongar i 40 år og leiar i folkemusikklaget Arne Draugsvoll la til:

- Betre attest kan koret ikkje få!

"Syng med oss" byggjer på solide tradisjonar også i Uskedalen og Helgheim – men har sitt utspring i det populære radioprogrammet i NRK som i mange år vart sendt frå foajeen i Grieghallen i Bergen og hadde Bjørn Tore Andre som programleiar. I fjor var det ikkje noko arrangement i Helgheim – men i år kom det sterkt attende.

Det ville kanskje ha vore fleire enn 50 tilhøyrarar der hvis ikkje "Syng med oss" hadde vore halde så tidsmessig tett innpå det store møtet i skulen. Men dei som kom hadde ei storarta stund der song- og musikk-gleda var i høgsetet.

Det var ikkje minst eit lukkeleg grep å invitera folkemusikklaget., som verkeleg fekk det til å rykkja i dansefoten. Ingen kunne merka at berre seks av dei 15 aktive musikantane stilte opp denne gongen og at eldstemann var 86. Ikkje minst "Beitostølsminner" av Torleiv Bolstad og Erling Stordahl vart tolka vakkert og vart.

Vertskoret viste nok en gong at det har vind i segla og hadde to til dels krevjande nyheiter på repertoaret. Det var "Du er det finaste" og "Det vakraste av alla dikt" – den første med Oscar Langballe som solist. Dei andre songane i den halvtimelange bolken syng koret betre for kvar gong: "Toudion", bånnull frå Gudbrandsdalen, "Venta inte" og "Syner i løvsprickningen".

Koret har, sjølv sagt inspirert av dirigent Maria Malmsten, henta inn og reindyrka stadig fleire perler frå den ualminneleg rike svenske songskatten.

Gunvor Myklebust knytte programmet saman, men også Kristian Bringedal og Svein Rimestad var i ei nøkkelrolle – dei spela til og leia allsongen.

Trioen viste nok eingong at koret har allsidige folk som kan spela ei hovudrolle i organiseringa av eitkvart arrangement.

Av Ola Matti Mathisen



Kvinnherad Folkemusikklag utløyste stor applaus. (Foto: Ola Matti Mathisen)